

# Utviklingsplan for landbruket i Midt-Gudbrandsdal 2015–2018

Utarbeidd av Bondelag, Bonde- og  
småbrukarlag og Skogeigarlag  
i Midt-Gudbrandsdal

NORGES BONDELAG



**MJØSEN SKOG**

## FORORD

På framsida brukar vi bilete av ei ku på beite som eit symbol på landbruket i Midt-Gudbrandsdal. Frå kua får vi mjølk, kjøt og storfehuder. Kua finn vi både på små og store gardar. Driftsopplegg med ku kan vere svært ulikt sidan kvart gardsbruk er unikt med sine ressursar og moglegheiter. Slik kan kua stå som eit symbol på landbruket i Midt-Gudbrandsdalen som er mangfaldig og byr på mange moglegheiter.

Småbrukarlaga, bondelaga og skogeigarlaga i Midt-Gudbrandsdal er opptatt av å utvikle landbruket i regionen. Difor har vi utarbeidd denne planen som skal vere eit reiskap nettopp for å utvikle landbruket.

Vi meiner at kompetanse, samarbeid, rekruttering, synleggjering og godt omdøme er viktige stikkord når vi skal utvikle landbruket, og vi har vald dette som satsingsområde i planen.

Primærnæringsutvalet i Midt-Gudbrandsdal er ansvarleg for oppfølging av planen, og vi vil prioritere og gjennomføre tiltak i planen for kvart år i planperioden. Primærnæringsutvalet er eit samarbeidsorgan for faglaga i landbruket og er sett saman av representantar frå bondelaga, småbrukarlaga og skogeigarlaga i Midtdalen.

Landbruket i Midt-Gudbrandsdal har hatt sin eigen plan sidan 2005, først for perioden 2005-2008, og deretter for perioden 2009-2012. Denne planen er den tredje i rekka, og gjeld for perioden 2015–2018. Vi har endra namnet frå *handlingsplan* til *utviklingsplan* da vi meiner det er meir dekkande.

Samarbeid er som sagt viktig for å få til utvikling, og nettopp difor ønskjer vi innspel, engasjement og støtte i arbeidet med å gjennomføre tiltak i planen. Ta gjerne kontakt med ein av oss om du har idear eller tankar rundt utvikling av landbruket i Midtdalen!

Sør-Fron, 22. desember 2014

Marthe Dypdalen  
Nord-Fron Bondelag

Per Nyhus  
Sør-Fron Bonde- og småbrukarlag

Jostein Tromsnes  
Ringebu-Fåvang Skogeierlag

Therese Rudi  
Ringebu-Fåvang Bonde- og småbrukarlag

Randi Myhr  
Fron Skogeigarlag

Kjell Arne Kaus  
Ringebu Bondelag

# DEL I: UTVIKLINGSPLAN

## 1. MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGAR

### 1.1 Moglegheiter

Tradisjonelt landbruk med profesjonelle bønder er fundamentet som gjev gode moglegheiter for både vareproduksjon og tenesteproduksjon. Vi har ressursar som kombinert med tradisjonar og kunnskap gjer det mogleg både å utvikle tradisjonelt landbruk og bygdenæringar, t.d. med utgangspunkt i utmark og skog, seterdrift, bygningar, husdyr, råvarer og kultur.

Oppland fylkeskommune har starta opp tilbod om agronomutdanning for vaksne, den såkalla «vaksenagronomen», og interessa frå Midtdalen har vore god. Pr. dags dato er det i alt 15 midtdølar som har gjennomført utdanning, og 19 midtdølar er i gang med utdanninga. Kompetanse er viktig for å utvikle landbruksnæringa.

Prosjektet «Midtdalsbonden inn i framtida» som er sett i gang av regionrådet, arbeider for å utvikle landbruket i Midtdalen. Prosjektet varer til mars 2016. Det er viktig at landbruksnæringa grip dei moglegheitene for utvikling som prosjektet gjev.

### 1.2 Utfordringar

Landbruket blir først og fremst styrt av den nasjonale landbrukspolitikken. Utvikling av landbruket i Midt-Gudbrandsdalen er avhengig av dei rammevilkåra som blir fastsett av regjering og Storting. Døme på utfordringar kan vere jordvernpolitikk, vernepolitikk, rovviltforvaltning og tilskotsordningar. I tillegg til rammevilkår, kan mangel på langsiktighet i politikken vere ei utfordring. Det er viktig å ha gode alliansar som arbeider for landbruksnæringa for å påverke sentrale myndigheiter.

Lokalt i Midtdalen eller regionalt i Oppland/Innlandet, kan vi sjå utfordringar som t.d. færre gardbrukarar og dermed svakare fagmiljø, pessimisme/lite framtidstru og utfordring med å rekruttere nye til næringa. Noko av dette heng saman med rammevilkår og nasjonal politikk, samstundes er det viktig å sjå dei moglegheitene som finst lokalt. Ved å lage gode møteplassar og gode miljø, både innanfor produksjonar og på tvers av produksjonar, kan vi styrke både fagmiljø og framtidstru.

Sist har vi utfordringar med klimaendringar som fører til «våtare og villare» vêr. Vi har hatt store flaumar i Midtdalen dei siste åra som har øydelagt avlingar, jorde, vegar m.m.

## 2. MÅL FOR LANDBRUKET I MIDT-GUDBRANDSDAL

Primærlandbruket er grunnlaget for å utvikle anna næring knytt til landbruket, og difor må primærlandbruket ligge i botn. For å få til ei god utvikling framover, er vi avhengige av kompetanse, samarbeid, rekruttering og eit godt omdøme.

Med bakgrunn i dette er det formulert følgjande mål:

*I Midt-Gudbrandsdalen skal vi ha eit offensivt landbruk der primærlandbruket utgjer grunnlaget. Vi vil vidareutvikle landbruksnæringa, utnytte lokale ressursar og bygge alliansar for å oppretthalde busetting, sysselsetting og produksjon. Vi vil skape optimisme og framtidstru for å sikre rekrutteringa i landbruket.*

### 3. SATSINGSOMRÅDE

For å nå målet er det plukka ut fire satsingsområde:

1. Kompetanse – vi treng kompetanse, både innafor primærlandbruket og nye næringar, for å produsere/levere kvalitetsvarer og -tenester som forbrukaren vil ha, og for å skape ein best mogleg økonomi i produksjonane.
2. Samarbeid – gjennom samarbeid kan vi skape utvikling, og saman med andre blir vi sterke. Vi treng alliansepartar og samarbeidspartar i vid forstand for å skape ei god utvikling.
3. Rekruttering – vi treng rekruttering av unge/nye bønder for å sikre vidare drift og utvikling av landbruksnæringa.
4. Synleggjere og bygge godt omdøme – ved å vere synlege og ha eit godt omdøme er det lettare å få støtte. Vi må kommunisere verdien av landbruket.

### 4. TILTAK

Under er det lista opp aktuelle tiltak – i stikkordsform – knytt til kvart einskild satsingsområde. Lista er på ingen måte uttømmende, og det er ikkje gjort noko prioritering.

SATSINGSOMRÅDE	TILTAK
1. Kompetanse	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Marknadsføre tilbodet om «vaksenagronom» overfor gardbrukarar og potensielle gardbrukarar</li> <li>2. Arrangere markering/feiring av alle som gjennomfører naturbruksutdanning på vidaregåande og «vaksenagronom»</li> <li>3. Delta på utdanningsmesser for å marknadsføre utdanning i landbruket</li> <li>4. Arrangere fagdagar/markdagar/studieturar/kurs med aktuelle tema</li> </ol>
2. Samarbeid	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bygge allianse med lokalpolitikarar ved å invitere dei på gardsbesøk (etter modell frå Nord-Fron), informere dei ved å delta på møte i kommunestyra, dei politiske utvala, partimøte og på andre arenaer</li> <li>2. Bygge allianse med reiselivet</li> <li>3. Bygge allianse med landbruksbasert industri (sagbruk, meieri m.m.)</li> <li>4. Samarbeide med Midt-Gudbrandsdal Næringsforening om felles interesser</li> <li>5. Samarbeid med prosjektet Midtdalsbonden inn i framtida om aktuelle tiltak</li> <li>6. Samarbeide med landbrukskontora om aktuelle tiltak</li> </ol>

SATSINGSOMRÅDE	TILTAK
3. Rekruttering	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bidra til samlingar m.m. for nye/unge bønder</li> <li>2. Bidra til arrangement for ungdom for å vekke interessa for landbruk</li> <li>3. Delta på utdanningsmesser</li> <li>4. Undersøke kva unge og nye bønder ønskjer seg/treng for å tilby hjelp og støtte dei kan ha nytte av</li> </ol>
4. Synleggjere og bygge godt omdøme	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Informere politikarar, næringsliv, hyttefolk og bygdefolk generelt om kva landbruket betyr ved å delta på ulike festivalar, markeringar, torgdagar m.m.</li> <li>2. Delta i arrangement som «open gard» m.m.</li> <li>3. Bruke media for å syne fram det positive</li> </ol>

## 5. OPPFØLGING AV PLANEN

Primærnæringsutvalet har som hovudoppgåve å følgje opp *Utviklingsplan for landbruket i Midt-Gudbrandsdal 2015 – 2018*. Fylkesmannen si regionstilling i Midt-Gudbrandsdal er sekretær for utvalet og kan koordinere arbeidet med oppfølging av planen. Primærnæringsutvalet har kvart år ansvar for å prioritere eit eller fleire tiltak frå planen og gjennomføre dette.

## DEL II: UTVIKLINGSTREKK


For å gje eit bilete av utviklingstrekk i landbruket i Midt-Gudbrandsdalen, er det i denne delen presentert nokre tal og statistikk.

### 2. OVERSIKT OVER AREAL, FOLKETAL M.M. I MIDTDALSKOMMUNANE

	Nord-Fron	Sør-Fron	Ringebu
<b>Areal, km<sup>2</sup></b>	1 145	732	1 249
<b>Innbyggjarar</b>			
- Pr. 1.1.1990	6 192	3 486	5 200
- Pr. 1.7.2014	5 755	3 203	4 476
<b>Sysselsette 2013 (SSB)</b>			
- Primærnæring	8 %	11,4 %	10,2 %
- Sekundærnæring	27,3 %	25,2 %	26,0 %
- Tertiærnæring	64,7 %	63,4 %	63,8 %



#### 2.1 Areal og føretak i jordbruket i Midtdalen

Under er det laga oversikter over talet på jordbruksføretak, areal pr. føretak og totalt jordbruksareal i kvar kommune (utarbeidd av Fylkesmannen i Oppland). Trenden er færre og større føretak.



Føretak i Landbruksregisteret er definert som ei juridisk eining, som driv næringsverksemd innan jordbruk eller skogbruk, og som har sjølvstendig myndigheit til å ta avgjerder. Ei juridisk eining kan vere bl.a. aksjeselskap, allmennaksjeselskap, andre næringsdrivande selskap, næringsdrivande stiftingar, foreiningar, einskildpersonføretak m.m. Enhetsregisteret i Brønnøysund fastset definisjonen av kva som kan bli godkjend som einskildpersonføretak. Landbruksregisteret bruker denne definisjonen. Det er også Enhetsregisteret som godkjenner og tildeler organisasjonsnummer og registrerer einskildpersonføretak og andre føretak.

I 2003 var talet på føretak med dyrka jord i drift i Midt-Gudbrandsdal totalt 722, og sidan den gong har det vore ein nedgang på 112 føretak eller 15,5 %.



Ein ser at jordbruksarealet vart redusert merkbar det året digitale gardskart vart tatt i bruk. Årstal for når digitale gardskart vart tatt i bruk i kommunane i Midtdalen er som følgjer:


- Nord-Fron i 2008
- Sør-Fron i 2012
- Ringebu i 2010

### 3. PLANTEPRODUKSJON

Det er grovfôrproduksjon som dominerer i Midtdalen. 6 % av arealet blir brukt til korndyrking. I tillegg er det nokre få potetprodusentar og ein jordbærprodusent, men desse produksjonane utgjør så lite i areal at dei ikkje er med her.

#### Arealfordeling av vekstar i Midt-Gudbrandsdal

2012



Kilde: Statens landbruksforvaltning, LIB - søknad produksjonstilskudd 31. juli


Kornproduksjonen har gått ned i heile Oppland i perioden 2003-2013, men nedgangen i Midt-Gudbrandsdal har vore større enn i mange i andre regionar. Midt-Gudbrandsdal sin del av kornproduksjonen i fylket har gått ned med 2,1 prosentpoeng i perioden - frå 5,3 % i 2003 til 3,2 % i 2013.

### 4. HUSDYR


Under er det laga diagram for talet på føretak med dei ulike husdyrslaga og diagram for talet på husdyr pr. føretak. Alle husdyrslaga er tatt med utanom hest.




### Tal på føretak med mjølkeku




### Tal på mjølkeku pr. føretak




### Tal på føretak med sau




### Tal på v.f. sau pr. føretak









### Tal på føretak med ammekyr





### Tal på ammekyr pr. føretak







Kommentar: I 2011 og 2012 var det kun eit føretak med verpehøns i Sør-Fron, og dette føretaket hadde 7 500 verpehøns. Det er forklaringa på det store hoppet i kurva for verpehøns pr. føretak i Sør-Fron (raud kurve).




Kommentar: I Sør-Fron er det ingen føretak med mjølkegeit.

Endring i talet på husdyr i Midt-Gudbrandsdal i perioden 2004 – 2013 er å finne i tabellen under. Det er talet på ammekyr og verpehøns som har hatt størst auke i perioden. Dei andre husdyrslaga har hatt ein reduksjon, og største reduksjonen finn vi i talet på avlspurker.

	Dyretal 2013	Endring sidan 2004	Endring i %
Mjølkekyr	4 044	- 421	- 9,4 %
Ammekyr	1 773	+ 964	+ 119 %
Vinterfôra sau	19 876	- 1 402	- 6,6 %
Avlspurker	375	- 469	- 55,6 %
Slaktegris	18 762	- 1 093	- 5,5 %
Verpehøns	24 651	+ 5 429	+ 28,2 %

## 5. SETRING

Talet på setrer i drift har gått ned. Diagrammet under syner enkeltsetrer i drift. I tillegg har vi fellessetrer, men det var kun to både i 2010 og 2013 i Midtdalen. I Oppland har talet på setrer i drift totalt gått ned frå 622 i 2000 til 347 i 2013.



## 6. BUSETTING PÅ LANDBRUKSEIGEDOMAR

	Landbruks- eigedomar i alt	Andel landbrukseigedomar utan busetting («tome gardsbruk»)
Nord-Fron	632	20,7 %
Sør-Fron	468	16,9 %
Ringebu	575	16,8 %
Midt- Gudbrandsdal	1 675	18,3 %
Oppland	14 995	15,1 %
Landet	186 128	20,5 %

(Kilde Statistisk sentralbyrå, 2013)

Definisjonen på ein landbrukseigedom er bl.a. at eigedomen er brukt til, eller kan brukast til jord- eller skogbruk, og at arealet er meir enn ei tomt (Kjelde: Landbruksdirektoratet).


## 7. INVESTERINGAR I JORDBRUKET

Tabellen under syner tal for saker og tilskot for større investerings saker innan tradisjonelt landbruk i Midtdalen dei siste tre åra (Innovasjon Norge Oppland). Større investerings saker vil i all hovudsak seie investeringar i driftsbygningar, som nybygg eller ombygging. Midt-Gudbrandsdal har fått del i frå 7 til 11 prosent av tilskotsmidlane til investeringar på jordbruksføretaka i Oppland. Midt-Gudbrandsdal har ca. 13 prosent av føretaka i fylket.

	2011		2012		2013	
	Tal på saker	Tilskot, mill. kr	Tal på saker	Tilskot, mill. kr	Tal på saker	Tilskot, mill. kr
Midt-Gudbrandsdal	9	2,2	10	3,5	12	3,7
Oppland	106	28,9	82	31,2	94	32,7
Midt-Gudbrandsdals andel av fylket	8,5 %	7,6 %	12,2 %	11,2 %	12,8 %	11,3 %

## 8. FØRSTEHANDSVERDIEN AV JORDBRUKSPRODUKSJONEN

Førstehands omsetningsverdi av jordbruksproduksjonen i heile Oppland er utrekna til 1 900 millioner kr for 2012. Av dette kjem 227 millioner kr frå Midt-Gudbrandsdal, og utgjør 12 % av fylket. Dette er ein reint marknadsbasert omsetningsverdi, dvs. at produksjonstilskot for husdyrproduksjon, areal- og kulturlandskapstilskudd, distriktstilskudd, driftstilskudd og kvalitetstilskudd kjem i tillegg.




## 9. DYRKBAR JORD I MIDT-GUDBRANDSDAL

Dyrkbar jord, både mineraljord og organisk jord, målt i dekar, fordelt på klimasoner:

		Ringebu	Sør-Fron	Nord-Fron
Klimasone				
1	Godt eigna for matkorndyrking	0	0	0
2	Marginalt for matkorndyrking	467	263	649
3	Godt eigna for forkorndyrking	352	301	1 522
4	Marginalt for fôrkorndyrking	859	307	653
5	Godt eigna for grovfôr dyrking	17 678	4 650	12 229
6	Marginalt for grovfôr dyrking	72 723	53 480	69 000
	Sum dyrkbar jord i dekar	92 079	59 001	84 053

Grafisk framstilling:




I alle tre kommunane i Midtdalen finn vi aller mest mineraljord. Ringebu har meir organisk jord enn dei andre to kommunane. Oversikta syner at vi har ein god del dyrkbar jord i Midtdalen. Det er verd å merke seg at det ikkje er noko dyrkingsjord i den beste klimasona, og at det er mest i den marginale klimasona.


## 10. SKOGBRUK - AVVIRKNING, PLANTING, MARKBEREDNING OG UNGSKOGPLEIE

Avvirkinga i Midt-Gudbrandsdalsregionen representerer 5 % av avvirkinga i heile fylket. Det vart avvirket 57 000 m<sup>3</sup> i regionen 2013. Under ser vi avvirking i perioden 2009-2013.






Under ser vi oversikt over planting (målt i planter pr. år) og avvirkning (målt i m<sup>3</sup> pr. år) i Midt-Gudbrandsdal i perioden 1996 til 2013.




I snitt pr. år i 18 år, er det planta 240 000 planter. I snitt pr. år i 18 år er det avvirka 54 000 m<sup>3</sup>.

Under er det oversikt over markberedning, målt i dekar, i regionane i Oppland.



Under er det laga ei oversikt over gjennomført ungsogpleie, målt i dekar.



## 10.1 Skogbruk – diverse

### 10.1.1 Energiflis

I Midt Gudbrandsdalregionen vart det i 2013 utbetalt ca. 350 000 kroner i tilskot til uttak av energiflis frå skogbruket. Det største tiltaket i ordninga var kulturlandskapspleie. Tilskotsordninga vart avslutta 31. desember 2013.

### 10.1.2 Skogsbilvegar

I 2013 vart det ferdigstilt to skogsbilveganlegg som var ombygd med tilskot, derav ein snuplass. For dei anlegga som er ferdigstilt er det investert over kr 367 000.

Ferdiggodkjente vegar 2013 i Midt-Gudbrandsdal

Skogsveg ombygging		
Lengde	Tilskot	Investeringar
630 m	kr 81 000	kr 367 000

### 10.1.3 Skogbruksplanlegging med miljøregistrering

Erfaring syner at nye skogbruksplaner fører til aktiv skogproduksjon. Skogeigarane i Ringebu kommune som hadde bestilt ny skogbruksplan, mottok denne i 2013. I Sør-Fron og Nord-Fron mottok skogeigarane nye skogbruksplaner året før. Kurs for skogeigarane i bruk av skogbruksplanen er gjennomført i alle tre kommunane.

### 10.1.4 Bruk av tre i bygg, skog og klima

I Midt-Gudbrandsdalen vart det i 2013 bygd to nye driftsbygninger i tre som Fylkesmannen har framheva i «kommunebilder for Midt-Gudbrandsdal 2014»: Tømmerfjøs for sau hos Odd Arne Myromslien i Kvam, og kufjøs bygd etter slipplattprinsippet (not og fjør mellom limtrestolpar) hos Hans M. Ulberg i Sør-Fron.

Skog i vekst aukar opptak av CO<sub>2</sub>. Tilveksten i Opplandsskogane er årleg 2,5 mill. m<sup>3</sup>. Hogsten i 2013 var 1,2 mill. m<sup>3</sup>, medan avgang i form av rote i skogen var 0,3 mill. m<sup>3</sup>. Netto tilvekst vart dermed 1 mill. m<sup>3</sup> som gav eit opptak av CO<sub>2</sub> som tilsvarar 3,5 % av Norge sitt totale utslipp av klimagassar.

Tilvekst i kommunane 2012:

Nr	Kommunar	Prod.areal inkl. lauvareal på lågbonitet	Tilpassa tilvekst pr. dekar	Tilvekst pr. kommune
16	NORD-FRON	328 684	0,25	81 500
19	SØR-FRON	165 541	0,35	58 299
20	RINGEBU	376 350	0,26	98 282